

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 27.02.24.

Til stades: Olav H. Einan (politisk vald), Eirik Hoem (FAU), Ine Jeanett Skjerven (FAU), Anne Grete Sønsthagen (FAU), Solveig Stende (lærartilsett), Johannes Fredheim Finstad (lærartilsett), Lene Nornes Madsen (vara for andre tilsette), Hans Fredrik Hagelin Moe (elevrådsrepr.) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Tone Helen Kvalen (andre tilsette), Benjamin Schanke Eikum (elevrådsrepr.)

### Sak 10 - 2023/24: Referat frå førre møte

- Ingen merknad

### Sak 11 - 2023/24: Revidering av mobilreglementet

- A) Kommunen reviderer sitt overordna ordens- og åtferdsreglement, jf. Udir sin rettleiar for regulering av mobil/smartklokker. Høyringsutkast blir sendt ut i løpet av våren 2024.....
- B) HBUS har revidert sitt lokale mobilreglement, jf. Udir sin rettleiar for regulering av mobil/smartklokke og FAU sin spørjeundersøking.

Vedtak: SU sine representantar godkjenner HBUS sitt mobilreglement.

### Sak 12 – 2023/24: Elevundersøking 2023

Rektor gjekk gjennom punkta:

- Samanlikna med tidlegare år så er det ein positiv framgang når det gjeld **støtte frå lærar, støtte heimafrå, læringskultur, felles reglar og fagleg utfordring**. Samanlikninga er frå vår eiga eining, Luster og heile landet.
- Forbetningsområder er **trivsel, motivasjon og mobbing**. Samanlikninga er frå vår eiga eining, Luster og landet.

Trivsel: I 7. klasse er poengscoren litt høgare enn Luster, og likt med landet. I 10. klasse er poengscoren hjå oss lågare enn Luster og landet.

Motivasjon: har hatt nedgang frå 2018. Frå 2016 til 2018 var det ein positiv oppgang, frå 3,5 p. til 3,9 p. I 2023 poengscore på **3,0**.

<b>Motivasjon</b>	3,5	3,8	3,9	3,4	3,2	3,3	3,03	3,0
-------------------	-----	-----	-----	-----	-----	-----	------	-----

Mobbing: 7. klasse hjå oss ligg høgare enn Luster og landet. 10. klasse ligg lågare enn Luster og landet. Me har prosenttal på mobbing i 8. og 9. klasse òg.

Læringsmiljøet gjeld heile skulen, og i fellesskap må me hjelpe kvarandre.

- SU sine drøftingar:
  - Undersøkinga blir tatt nov/des, mørketid- kan det gje utslag
  - Komplekst, mange faktorar som spelar inn
  - Mobbing- høge tal nasjonalt
  - «Mobilfri» skule kan hjelpe til motivasjon og trivsel. Blir spennande å sjå om det gjev utslag.
  - 18. mars er det foreldremøte der Mobbeombodet i Vestland kjem.
  - Viktig å ha foreldrenettverk og sosialkveldar i klassane
  - Skulen gjennomfører Spekter, ei ikkje anonym spørjeundersøking for å undersøkje mobbetala som kjem fram i Elevundersøkinga.

**Sak 13– 2023/24: Nyskapande anlegg**

- Prosjektleiar i kommunen har sendt ut ein medverknadsplan. 19. mars vil det bli Workshop og befarung, der elevar, tilsette og lag/organisasjonar får delta. Viktige stikkord for anlegget er t.d. møteplass, folkehelse, uorganisert aktivitet o.s.b.

**Sak 14 - 2023/24: Kommunen sin arealplan**

- Områdeplan for Hafslo kjem ut på høyring rundt påsketider. Viktig å kome med innspel. Fylkeskommunen er oppteken av dyrka mark. FAU vil melde inn trafikksituasjonen i sentrum og trafikktryggleik for barn og unge. Bilagstomta og skulen sitt område, t.d. trasè ned frå Bilagstomta. Tangvegen, gangveg til kyrkja, Moane og gangveg opp Bakkingavegen.

**Sak 15 – 2023/24: Kafèdialog- dugnad, turar og gratisprinsippet**

- **Idemyldring:** selje strøsand, teneste som måke snø og strø, hjelpe eldre med praktisk arbeid t.d. bære inn ved, klippe gress o.l., konsert/oppvisning- elevar på kulturskulen/DUG, lotteri, nyttårsball- ha samarbeid med mat- og restaurantfag på VGS

**Sak 16 – 2023/24: Statusrapport frå elevråd og FAU**

- FAU: foreldrenettverksmøter, sosialgrupper, ungdomsklubb

**Sak 17 – 2023/24: Orienteringssaker frå kommunen**

- Ingen saker

**Sak 18 - 2023/24: Ymse**

- Leiar i FAU har bedt oppvekstsjefen om talgrunnlag for kripsane Hafslo, Solvorn og Veitastrond når det gjeld elevtal.

**Elevar fordelt på alderssteg 2023/24**

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar
Hafslo b. og ungdomsskule	23	23	23	20	18	20	26	24	28	25	230
Solvorn oppvekstsenter	2	2	3	2	4	1	3				17
Veitastrond skule	3	3	3	4	2	1	1				17

Neste møte 28. mai kl. 19.00

Hafslo, 21.03.24

Ref. Hilde